

Twitternovelle 2020, Mållaget i Kristiansand.

I år kom det inn 66 tekstar frå elevar i dei vidaregåande skulane i Kristiansand og Vennesla. Temaet i år var «løgn» og fristen for innsending var 19. desember. Juryen som har vurdert tekstane er Vibeke Lauritsen, Svein Slettan og Sylfest Lomheim. Og vinnarane er:

1. plass:

Kvinne (52) har funne Kjærligheten. Dei skal møtast på flyplassen. Mann (24) er lykkeleg. Han har fått raudt pass.

Åge Andre Aaser, 3STPBB Kvadraturen VGS.

2. plass:

Løgn om livet

Livet er så perfekt

Rolige dagar og alt på stell

Det er aldri problem, eg er heilt feilfri

Eg har store mengder venar, og ein familie eg elsker

Ingen rundt meg er slemme, alle er snille og gode

Karakterane på skulen er heilt perfekt

Ingenting kan bli betre no

Livet er så perfekt

Kristian Solum, 3STC Tangen VGS,

3. plass:

«Det er ikkje deg, det er meg» sa han og såg bort, for inni vindauge til sjela låg løgna han prøvde å skåne meg for. Han kyssa meg ein siste gong, og eg let ham, for den velmeinte løgna hans smaka bittersøtt iblanda dei sorgtunge regndropane som rende frå mitt eige sjelevindauge.

Nora Kjetså, Kvadraturen VGS.

Mållaget i Kristiansand, 11. januar 2021.